

Postmottak Helse Møre og Romsdal

Kopi: Synnøve Melseth

Dykkar ref:

Vår ref:

Dato: 25. august 2020

SVAR PÅ HØYRING VEDR SAMHANDLINGSPROSJEKT : UTVIKLING AV REHABILITERINGS- TENESTENE I MØRE OG ROMSDAL

Vi viser til høyringsbrev datert 11.juni 2020 om Utvikling av rehabiliteringstenestene i Møre og Romsdal.

Pasientar som har behov for rehabilitering har ofte behov for tilbod både frå 1. og 2. linetenesta i eit rehabiliteringsforløp. Det er derfor viktig at samspelet/samarbeidet mellom nivåa fungerer godt. Samhandlingsprosjektet er viktig for å utvikle det totale rehabiliteringstilbodet til pasienten sitt beste.

Det er gjort eit godt og nøyaktig arbeid i prosjektet. Dette går tydeleg fram av utsendt prosjektrapport.

Det har i fleire år vore usikkerheit knytt til organisering og dimensjoner av det spesialiserte rehabiliteringstilbodet i Helse Møre og Romsdal. Det er viktig at ein no konkluderer i forhold til korleis det skal driftast i dei næraste åra. Dette er viktig både for pasientar, tilsette og kommunane vi samhandlar med.

Føretaket er interessert i å utvikle ein samarbeidsmodell med kommunane for å vidareutvikle tilbodet innan rehabilitering. Tilbodet må være tilpassa føretaket sitt behov knytt til døgnplassar. Det vil avhenge av om kommunane er villige til å vere med i samarbeidsprosjekt, og også bidra med personell og økonomi.

Det er utfordrande å gi eit konkret tal for kor mange senger ein skal ha til spesialisert rehabilitering i fylket. Det er ingen nasjonal norm for dette, og det er utfordrande å framskrive behovet. Det vil og vere avhengig av oppbygging av rehabiliteringstilbodet i kommunane og sjølvsagt kor godt det polikliniske og ambulante tilbodet fungerer. Ut frå eit heilheitsvurdering meiner vi at behovet vil vere mellom 34 til 38 senger.

Telefon: Molde/Kristiansund: 71 12 00 00
Ålesund: 70 10 50 00
Volda: 70 05 82 00

Postadr: Postboks 1600
6026 Ålesund
Internett: www.helse-mr.no
E-post: postmottak@helse-mr.no

Org.nr: 997005562

Med venleg helsing
Jorun Bøyum
Klinikksjef
Klinikk for kreftbehandling og rehabilitering

Telefon: Molde/Kristiansund: 71 12 00 00
Ålesund: 70 10 50 00
Volda: 70 05 82 00

Postadr: Postboks 1600
6026 Ålesund
Internett: www.helse-mr.no
E-post: [postmottak@helse-
mr.no](mailto:postmottak@helse-mr.no)

Org.nr: 997005562